

# MØTEINNKALLING

---

Utval: **FORMANNSKAPET**  
Møtestad: **KANTINA, LEIKANGER SJUKEHEIM**  
Møtedato: **12.02.2008** Tid: **0830**

---

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.  
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

## SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr.</b>	<b>Tittel</b>
9/08	08/87	<b>OPPNEMNING AV FESTNEMND FOR OPNINGA AV LEIKANGER FLEIRBRUKSHALL, 'SAFTEN', OG NÆRINGSBYGG</b>
10/08	08/47	<b>SØKNAD OM TILSKOT TIL NORGESCUPEN 2008</b>
11/08	07/818	<b>ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR LEIKANGER KOMMUNE</b>
12/08	08/82	<b>BUSTADFELTET HJEDL - MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING</b>
13/08	08/61	<b>SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT PÅ MOENE</b>
14/08	07/568	<b>VEGANLEGGET GRØNLUND - SKEIDE</b>
15/08	07/629	<b>PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR FJORDHEIM PÅ HERMANSVERK - GODKJENNING</b>
16/08	08/94	<b>ORIENTERINGSSAKER</b>

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### OPPNEMNING AV FESTNEMND FOR OPNINGA AV LEIKANGER FLEIRBRUKSHALL, 'SAFTEN', OG NÆRINGSBYGG

---

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe  
Arkivsak nr.: 08/87

---

Arkiv: 033

**Sak nr.:** Utval  
9/08 Formannskapet

**Møtedato**  
12.02.2008

#### TILRÅDING:

**Leikanger formannskap oppnemner følgjande representantar til festnemnd for markering av opninga av fleirbrukshallen og næringsdelen, og opninga av Fatlatunnelen:**

1. ....
2. ....
3. ....

**Festnemnda får følgjande mandat:**

- **Ansvar for og førebuing av eit arrangement kring markering av opninga av fleirbrukshallen og næringsdelen i same bygget, og opninga av Fatlatunnelen.**
- **Avklare med Statens vegvesen om deira av opninga av Fatlatunnelen, og om ei eventuell kommunal markering kan inngå som del av arrangementet kring opninga av fleirbrukshallen og næringsdelen i Saften AS.**

**Rådmannen nemner opp sekretær for nemnda frå administrasjonen.**

**Det skal avsetjast ei økonomisk ramme på budsjettet i 2009 til å gjennomføre arrangementet.**

#### DOKUMENT:

-

**SAKSUTGREIING:**

Leikanger fleirbrukshall 'Saften' og næringsbygget i same bygget vil stå ferdig i januar 2009. Opninga av Fatlatunnelen skjer i desember 2008. Dette er to sær s viktige hendingar for innbyggjarane og lokalsamfunnet i Leikanger.

Leikanger formannskap ønskjer å markere desse hendingane.

Det skal oppnemnst ei festnemnd til å førebu og ha ansvaret for eit arrangement i samanheng med opninga av fleirbrukshallen og næringsdelen i same bygget, og også opninga av Fatlatunnelen. Nemnda skal kontakta Statens vegvesen om deira markering og få informasjonen om denne. Det skal vidare avklarast med vegvesenet om ei eventuell kommunal markering kan inngå som del av arrangementet kring opninga av fleirbrukshallen og næringsdelen i same bygget.

Fatlatunnelen er Statens vegvesen sitt utbyggingsprosjekt og vegvesnet vil sikkert markere opninga av tunnelen med sitt eige arrangement.

Festnemnda bør ha 3 representantar.

Rådmannen nemner opp sekretær for nemnda frå administrasjonen.

Det bør setjast ei økonomisk ramme på budsjettet for 2009 til gjennomføringa av arrangementet.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### SØKNAD OM TILSKOT TIL NORGESCUPEN 2008

---

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe  
Arkivsak nr.: 08/47

---

Arkiv: 223 C20

**Sak nr.:** Utval  
10/08 Formannskapet

**Møtedato**  
12.02.2008

#### TILRÅDING:

**Leikanger formannskap løyver kr. 3 000 til Norgescupen i skyting 23.-26. juli 2008.**  
**Løyvinga vert dekkja over kto. 126324711 Arrangement ved overføring frå kto. 110294901 Tilleggsloyvingar.**

#### DOKUMENT:

- Søknad dat. 16.01.08

#### SAKSUTGREIING:

Norgescup-komiteen i Det Frivillige skyttervesen har bestemt at andre runde i Norgescupen i skyting 2008 skal skipast til i Luster, Sogndal og Leikanger i tida 23. –26. juli 2008. Cupen skal skje i forkant av Landsskyttarstemnet i Førde i tida 26. juli – 2. august 2008. Røynsler frå tidlegare år tilseier at det kan ventast stor tilstrøyming av deltakarar til stemnene i Luster, Sogndal og Leikanger. Arrangementet vert det største som har funne stad i Sogn innan skyting nokon gong. Stemnene vil såleis vere med å profilere kommunane og distriktet.

Hovudkomiteen for skyttarlag i Hafslo, Sogndal og Leikanger v/ Lars Lefdal søker dei tre kommunane om tilskot til gjennomføringa av Norgescupen her i distriktet.

Leikanger kommune bør saman med dei andre kommunane støtta opp om dette store arrangementet i 2008. Eit slikt stort arrangement vil stimulere dei lokale skyttarlag til vidare vekst og tiltak innan den lokale kulturen i dei tre kommunane.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR LEIKANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 07/818

Arkiv: S02

<b>Sak nr.:</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
11/08	Formannskapet	12.02.2008
/	Kommunestyret	

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommune vedtek å utarbeida kommunedelplan for energi- og klima. Firma Vestnorsk Enøk AS vert leigd inn til å utføra arbeidet i samsvar med tilbod av 01.11.07. Rådmann får fullmakt til å inngå avtale etter at det er gitt tilsagn om tilskot frå Enova.**

#### **Til arbeidsgruppe vert oppnemnt:**

- 1. Frå dei politiske partia – 3 personar:.....**
- 2. Frå administrasjonen – tenesteleiar Per Gjerland, avdelingssjukepleiar for heimetenestene Solfrid Høyheim.**
- 3. Frå ungdomsrådet – 1 person**
- 3. Frå Leikanger bondelag – 1 person**
- 4. Frå næringslivet - 1 person**
- 5. Frå Sognekraft – 1 person**

**Nærings- og utviklingssjef vert sekretær for arbeidsgruppa.**

#### DOKUMENT:

- Tilbod av 01.11.07 frå Vestnorsk Enøk AS (vedl.)
- Rettleiar av 2007 frå Enova SF

#### SAKSUTGREIING:

Det er eit ynskje frå Regjeringa at alle kommunar bør utarbeida ein energi- og klimaplan. Enova har i samarbeid med KS og SFT utabeidd rettleiarar for korleis arbeidet kan organiserast og korleis kommunane gjennom planen kan identifisera energi- og klimatiltak og setja dei ut i handling. Enova gir støtte til utarbeiding av kommunale energi- og klimaplanar, opp 100.000 kr pr. kommune. Kommunane sin eigen tidsbruk vert rekna som eigendel.

Kommunane har vore inviterte til regionale kurs om ”Energi- og klimaplanlegging i kommunen”. Leikanger vart representert ved ordførar, formannskapsmedlem Astri Taklo og nærings- og utviklingssjef på kurset i Sogndal 23.januar 2008. Det var firma Vestnorsk Enøk AS på Sandane som heldt kurset.

Leikanger kommune har motteke tilbod av 01.11.07 frå Vestnorsk Enøk på utarbeiding av energi- og klimaplan med framlegg til arbeidsopplegg. Vestnorsk Enøk har hatt arbeidet med tilsvarende planar for kommunane Voss, Lærdal, Vågsøy, Hyllestad og Granvin. Opplegget er slik at Vestnorsk Enøk utarbeider søknaden til Enova. Dersom kommunen ikkje får støtte vert det ikkje kravd betaling for arbeidet med søknaden. Får me tilskot vil kostnadene til leige av konsulent ligg innanfor tilskotsramma.

Organisering av arbeidet bør skje som ein kommunedelplan etter Plan- og bygningslova. Formannskapet er då planutval. I tillegg bør det vera ei arbeidsgruppe med brei deltaking. På kurset vart det tilrådd ei arbeidsgruppe sett saman av politikarar, administrasjon, næringsliv og nettselskap.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### BUSTADFELTET HJEDL - MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING

---

Sakshandsamar: Runar Stadheim  
Arkivsak nr.: 08/82

---

Arkiv: L12

**Sak nr.:** Utval  
12/08 Formannskapet

**Møtedato**  
12.02.2008

#### TILRÅDING:

**Formannskapet godkjenner oppføring av anten frittliggjande einebustader eller 2-mannsbustader på tomt nr.6 og tomt nr.8 på Hjedl som ein mindre vesentleg endring i reguleringsplanen etter §28.2 i Plan- og bygningslova.**

#### DOKUMENT:

- Situasjonsplan 1:500
- Husteikningar 1:100

#### SAKSUTGREIING:

Dvergsdal og Sunde Bygg AS ved Trond Dvergsdal har vore i kontakt med Leikanger kommune. Firmaet er interessert i å kjøpa tomt 6 og tomt 8 på Hjedl for oppføring av to stk 2-mannsbustader. Desse tomtene er fastsette med ein pris på kr.250.000,- pr. tomt.

Formannskapet godkjende i 2007 søknad frå Dvergsdal og Sunde Bygg AS om omregulering og sal av tomt 9 og 10 på Hjedl til same føremål. Alle desse fire bustadeiningane er no selt.

Hjedl var i utgangspunktet regulert med til saman 17 frittliggjande einebustader. To av desse tomtene er no omregulert/utbygd med tomannsbustader. Det er for tida 3 ledige tomter att på Hjedl: tomtene 6, 8 og 13.

Kommunen må handsame søknaden som ein mindre vesentleg endring i reguleringsplanen etter §28.2 i plan- og bygningslova.

Dei to omsøkte planlagde vertikaldelte 2-mannsbustadane er teikna med ei grunnflate på om lag 170m<sup>2</sup>. Mønehøgd er om lag 6,0m. Med dei framlagde husteikningane held utbyggarane seg innafør krava i føresegnene til reguleringsplanen.

Om formannskapet ser positivt på denne søknaden, bør det opnast for at det på tomt 6 og tomt 8 kan førast opp frittliggjande einebustader eller 2-mannsbustader. Pr. 05.02.08 er ikkje kome inn merknader frå naboar i samband med utsendt varsel. Fristen for merknader er ikkje gått ut.

I samsvar med vilkåra i reguleringsplanen har Dvergsdal og Sunde Bygg lagt fram situasjonsplan. Planen viser bygningar, biloppstilling og eksisterande/planlagt terrengutforming. Sokkelhøgda i 1. etg. er oppført på planen.

Endeleg godkjenning av byggesøknaden vert gjort administrativt med bakgrunn i vedteken reguleringsplan for Hjedl.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT PÅ MOENE

---

Sakshandsamar: Runar Stadheim  
Arkivsak nr.: 08/61

---

Arkiv: MTR 22/4

**Sak nr.:** Utval  
13/08 Formannskapet

**Møtedato**  
12.02.2008

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommune finn ikkje grunnar for å gje dispensasjon frå jordlova §§ 9 og 12 og arealdelen i kommuneplanen og gir såleis ikkje løyve til frådeling av bustadtomt på gnr. 22 bnr. 4 Gjerde i Leikanger.**

#### DOKUMENT:

- Søknad av 22.01.08 m/kartvedlegg (vedl.)
- Brev av 29.03.04 frå landbruksavdelinga hjå fylkesmannen.

#### SAKSUTGREIING:

Søknaden gjeld frådeling av ei bustadtomt på gnr.22 bnr.4. Søkjar er Erling Gjerde. Tomta på om lag 960m<sup>2</sup> skal nyttast til oppføring av bustadhus for sonen Ole Eirik Gjerde. Store deler av den omsøkte frådelte tomte er komen frå eigedomen gnr.24 bnr.51 som Erling Gjerde fekk kjøpa frå Leikanger kommune.

Parsellen som er søkt frådelt ligg innafor LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i arealdelen av kommuneplanen. Dette krev at søknaden må handsamast både etter Plan- og bygningslova og Jordlova.

I utgangspunktet kan ikkje deling av eigedom utførast utan søknad og løyve etter § 93 i plan- og bygningslova. Delinga må ikkje strida mot plan- og bygningslova, forskrift, vedtekt eller plan, jf. § 63 i plan- og bygningslova.

Omsøkt eigedom ligg i eit område disponert til LNF-område i arealdelen i kommuneplanen. I utgangspunktet er frådeling til bustadføremål i slike område ikkje i samsvar med planen og krev dispensasjon.

Situasjonsplanen syner avkøyring frå den kommunale vegen Eivaldgjerde. På planen er det teikna inn eit bustadhus i 3 etasjar medrekna under- og loftsetasje. I tillegg viser planen garasje og moglegheit for bilparkering/høve til å snu på eiga tomt. Kommunalt anlegg for vatn og avløp ligg lett tilgjengeleg ved Eivaldgjerde for påkopling. Naboane har ingen merknader. Det vert søkt å få føra opp bygget 7 meter frå senterlinje i kommunal veg. I samband med opparbeiding avkøyrsløse mot kommunal veg skal det leggjast ned røyr med dimensjon 6" røyr eller meir.

Endeleg godkjenning av byggesøknaden vert gjort administrativt.

### ***Tilhøvet til jordlova:***

Garden er på i alt 41 daa fulldyrka, 4 daa overflatedyrka jord og 26 daa innmarksbeite. I tillegg kjem ca 170 daa skog. Arealet er delt i fleire teigar med om lag 500m køyreavstand mellom gardstun og teigen i Hagane. Drifta på garden er allsidig husdyrproduksjon. Den er basert på eiga slåttemark og bruk av vesentleg leigd areal. Bruket har på kort og lang sikt trong for tilgjengeleg dyrka og dyrkbart areal.

Frådeling av areal, og i ein utkant av det dyrka arealet, vil ofte medføra driftsulemper. I dette området er det frå før anna verksemd/bustader som kan gje driftsmessige ulemper og ulempene kan vera gjensidige. På garden er det vesentleg husdyrproduksjon som regelmessig medfører m.a. spreining av husdyrgjødsel som er ein naudsynt del av drifta. Det omsøkte arealet, 960 m<sup>2</sup>, er definert som fulldyrka jord. Det er påreknleg at bustader/anna verksemd kan medføra trakk og slitasje på jordbruksareal, uroing av dyr på beite m.m. Arealet er i bruk til landbruksproduksjon og må påreknast å vera i slik bruk i framtida. Reduksjon i dyrka mark vil vera med å redusera avkastninga på bruket til ein viss grad. Deling i dette området kan vera med på gradvis å svekke produksjonsmiljøet. Deling er ikkje forsvarleg utifrå omsynet til den avkastninga eigedomen kan gje.

I jordlova sin føremålsparagraf heiter det : ” *Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verta brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrke sitt i landbruket.*

*Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.*

*Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.”*

Det er eit generelt forbod mot å bruka dyrka jord til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. På same måte er det eit forbod mot å disponera dyrkbar jord slik at den ikkje vert egna til jordbruksproduksjon i framtida.

I denne saka ligg det ikkje føre samfunnsmessige interesser som tilseier omdisponering av jord.

Samtykke til deling kan gjevast om :

1. samfunnsinteresser av stor vekt taler for det

2. deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastninga eigedomen kan gje

***Konklusjon:***

Leikanger kommune finn ikkje grunnar for å gje dispensasjon frå jordlova §§ 9 og 12 og arealdelen i kommuneplanen og gir såleis ikkje løyve til frådeling av bustadtomt på gnr. 22 bnr. 4 Gjerde i Leikanger.

***Rådmannen sin vurdering:***

Fylkesmannen si landbruksavdeling har i brev av 29.03.04 fastsett rutinar for fylkeslandbruksstyret som høyringsinstans når det gjeld dispensasjon etter §7 i Plan- og bygningslova (PBL). Desse rutinane fastset at i saker der kommunen seier nei til søknaden i medhald av jordlova eller PBL ikkje trengst sendast til fråsegn. Dei andre sakene må sendast til høyring hjå fylkeslandbruksstyret.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### VEGANLEGGET GRØNLUND - SKEIDE

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 07/568

---

Arkiv: L12

**Sak nr.:** Utval  
14/08 Formannskapet

**Møtedato**  
12.02.2008

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommune finn ikkje å kunna vera med på nokon økonomisk medverknad i denne saka.**

**Avslaget vert grunnlagt med at det prinsipielt er feil av kommunen å gå inn i eit privat avtaleforhold mellom to utbyggingsselskap og at kommunen sin økonomiske situasjon heller ikkje gir høve til økonomisk medverknad.**

#### DOKUMENT:

- Brev av 14.01.08 frå Njøs Borlaug Eigedom As (vedl.)

#### SAKSUTGREIING:

Leikanger formannskap godkjende i sak 126/07 i møte 27.11.07 utbyggingssplan og reguleringsendring for bustadfeltet Skeide på Hermansverk. Bustadfeltet Skeide er den vestre delen av reguleringsplanen for Grønlund.

Veg 1 i reguleringsplanen er bygd fram til pel 70 av Diamantsaging Sogn As. Denne vegen er i reguleringsplanen vist som kommunal veg.

§ 67.4 i Plan- og bygningslova: *Veg som er bygd av grunneigar i samsvar med reguleringsplan skal haldast vedlike av kommunen frå det tidspunkt anlegget er ferdig og godkjent, og vert då kommunalt utan vederlag. Kommunal overtaking er ikkje til hinder for at grunneigar krev refusjon etter at overtakingsforretning er gjennomført.*

I dette tilfellet krev Diamantsaging Sogn ein halvdel av kostnadene av Njøs Borlaug Eigedom for den bygde vegen. Dette utgjer kr.342.780,- + mva.

Dersom dette skal reknast inn i tomteprisane for Skeide, er Njøs Borlaug Eigedom redd for at desse vert så høge at folk vil vegra seg for å kjøpa. Dei ber difor kommunen om å vurdere ein økonomisk medverknad i deling av vegkostnadene.

***Rådmannen si vurdering:***

Rådmannen vil peika på det prinsipielle i denne saka, der marknaden for private utbyggjarar må fungera utan kommunal subsidiering av tomter. Det må påreknast at eit kommunalt tilskot i denne saka vil skapa presedens for seinare saker.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR FJORDHEIM PÅ HERMANSVERK - GODKJENNING

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 07/629

---

Arkiv: L12

Sak nr.:	Utval	Møtedato
15/08	Formannskapet	12.02.2008
/	Kommunestyret	28.02.2008

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommune godkjenner i medhald av §27-2 i Plan- og bygningslova reguleringsplanen for Fjordheim med føresegner, sist revidert 27.11.07, med desse endringane:**

**1. Grøntbeltet langs elva skal målsetjast i tråd med vassressurslova sin definisjon. Grøntbeltet skal og kunne nyttast til forsterking av elveforbygninga.**

**2. I samband med ramme/byggesøknad skal det leggjast fram fylgjande dokumentasjon: Skriftleg forklaring saman med eigna illustrasjon på korleis bygget er tilpassa omgivnadene og om det er ei open eller lukka form.**

#### DOKUMENT:

- Reguleringsplan med føresegner, sist revidert etter sak 127/07 i formannskapet (vedl.)
- Fråsegn av 14.12.07 og 14.01.08 frå NVE, Region Vest (vedl.)
- Merknad av 31.12.07 frå Inge Opthun (vedl.)
- Fråsegn av 07.01.08 frå fylkeskommunen (vedl.)
- Fråsegn av 04.01.08 frå fylkesmannen (vedl.)
- Fråsegn av 29.01.08 frå Statens vegvesen (vedl.)

#### SAKSUTGREIING:

Formannskapet gjorde i sak 127/07 i møte 27.11.07 vedtak om utlegging av planen med i alt fem endringar. Desse endringane gjaldt byggegrensa mot riksvegen, plassering av avkøyrsla,

målsetjing av grøntbelte langs elva, krav til biloppstillingsplassar og krav til trygg tilkomst for varetransport. Planen vart endra på desse punkta før han vart lagt ut på høyring.

Av naboane har Inge Opthun merknad til planen. Han kunne tenkt seg at parkeringskjellar er ei betre løysing enn parkering på markplan som vist på illustrasjonsplanen.

NVE har merknader til målsetjinga av grøntbeltet langs elva. Dei meiner at målsetjinga skal skje i samsvar med vassressurslova sin definisjon av vassdrag, som vert rekna som høgste flaum som kan påreknast kvart tiande år. NVE meiner at planleggjar med å visa til reguleringsplanen frå 1981 har ei statisk haldning til vurderinga av faremoment knytt til flaum, erosjon og skred. Tilrådd sikkerheitsnivå for denne type arealbruk skal vera 200-års flaum. Dei viser og til kommunen si sjølvstendige undersøkingsplikt og ansvar etter § 68 i Plan- og bygningslova.

Fylkeskommunen er nøgd med at fleire av tilrådingane deira er tekne til fylgje. Dei peikar på korleis arealet mellom gang- og sykkelvegen og bygget skal framstå i tettstadbiletet. Dei peikar på at det bør leggjast føringar på dokumentasjon i samband med ramme/byggesøknad.

Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader.

Statens vegvesen har ikkje merknader til reguleringsplanen.

***Rådmannen si vurdering:***

Reguleringsplanen gjeld ei svært sentral tomt i Hermansverk sentrum. Gjennom drøftingar med vegvesenet og innspel frå fylkeskommunen har ein komme fram til ein reguleringsplan som er ei forbetring av eksisterande plan frå 1981. Tilrådingane i fråsegnene frå NVE og fylkeskommunen sluttar rådmannen seg til og vil rå til at desse vert sett som vilkår for godkjenninga.

Når det gjeld tilhøvet til flaumfaren i Henjaelvi med tilråding om at 200-års flaumen vert lagt til grunn, vil det avsette grøntbeltet mellom byggegrensa og elva kunne nyttast til ei forsterka forbygning mot 200-års flaumen.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### ORIENTERINGSSAKER

---

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad  
Arkivsak nr.: 08/94

---

Arkiv:

**Sak nr.:** Utval  
16/08 Formannskapet

**Møtedato**  
12.02.2008

### TEMA:

- Fleirbrukshallen og Saften AS. Status og framdrift v/ A. Henjum
- Orientering om tenesteområde Pleie- og omsorg v/ A.M. Kråvik
- Kvartalsrapport for Oppvekst og omsorg v/ G. Steine
- Songnekraft AS – orientering om kraftlinetrasear småkraftutbygging Fjærland
- Gangveg Kløvi – spørsmål om forskotering av anleggskostnader